

Melding frå Kongen til Stortinget um Noregs rikes tilstand og styring i tidi etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlovi skal Kongen med dette få gjeva melding til Stortinget um tilstandet i riket og um styring i 1934.

Noreg var representera på Folkesamfundets 15de delegeraforsamling som vart opna i Genève 10 september, og på ei ekstraordinær forsamling i november måned.

Det er gjort ein avtale med Storbritannia um oppnemning av granskingnemnder for skade på fiskereidskapar.

Noreg hev teke ved den internasjonale opiumsavtalen frå 1931.

Noreg var representera på den 15de internasjonale Raude Kross-kongressen i Tokio.

Med Frankrike er det gjort ein millombils avtale um handelssamband og ein avtale um brigde i konvensjonen frå 12 april 1927 um vin og spirituosa.

Millom Noreg og Portugal er det gjort ein tilleggsavtale til den handels- og sjøfartskonvensjonen som vart underskriven i i Lisboa 13 november 1931.

Med Spania er det gjort ein millombils avtale um visse handelssaker.

Etter innbjøding frå den norske regjering hev det i Oslo vore konferansar millom representantar for regjeringane og reidarorganisasjonane i Noreg, Danmark, Nederland og Sverige til dryfting av visse spurs-

mål i samband med den internasjonale skipsfartspolitik og serskilt i høve til Storbritannia.

Millom Noreg og Tyskland er det gjort ein avtale med tilleggsavtale um betalingane i varebyttet millom dei tvo landi.

Millom Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige hev det vorte underskrive ein konvensjon um arv og dødsbuskifte.

I 1934 hev 1 997 kandidatar teke studenteksamen.

Ved universitetet hev i alt 426 kandidatar teke embetseksamen, ved Menighetsfakultetet 55.

Ved Noregs tekniske høgskule vart det teke upp 154 studentar og uteksaminera 70 kandidatar.

Talet på ikkje pådømde saker ved Høgsterett 1 januar 1934 var 532. Av dei var 20 straffesaker og 512 borgarlege saker. Den 1 januar 1935 var talet på ikkje pådømde saker 504, av dei 26 straffesaker og 478 borgarlege saker.

For Justisdepartementet er det ikkje gjort nokon konvensjon med framande statar i 1934.

Det er for tidi i gang gjeldstingingar for eit stort tal med kommunar. Dei vert for det meste greidde av riks-gjeldsmeklingsinstituttet men i nokon mun óg av vedkomande gjeldsmeklingsnemnd og av departementet. Riksgjeldsmeklingsinstituttet som byrja 10 september 1934, hev havt fyre seg

152 gjeldsordningar. For 45 av desse kommunar er framlegg anten vedteke eller lagt fram for kreditorane eller kommunestyri til vedtaking.

Folketalet i riket var ved utgangen av 1933: 2 857 603, og ein kann ved utgangen av 1934 truleg rekna det til 2 872 000.

Den oversjøiske utvandringi hev i 1934 òg vore svært liti, men likevel noko større enn i 1933. I dei 3 fyrste kvartal av 1934 utvandra i alt 440 (fyrebils tal) mot 314 i same tidbolken i 1933 og 370 i 1932. I dei 3 fyrste kvartali av 1934 utvandra 316 til U. S. A. og 27 til Canada. Dei tilsvarande tali for same tidbolken i 1933 var 228 og 15. I heile 1933 utvandra i alt 406, av desse 299 til U. S. A. og 21 til Canada.

Etter fyrebils oppgåvor hev det i 1934 vore fleire giftarmål enn i 1933. Talet på gifte var i dei 3 fyrste kvartali av 1934: 12 706 mot 12 078 i same tidbolken i 1933. I same tidi vart det i 1934 født 32 244 levande fødte born, og det døydde 21 212. Dei tilsvarande tali for 1933 var 32 421 og 22 345. Talet både på fødslor og dødsfall hev soleis gått noko ned samanlikna med dei tilsvarande kvartal av 1933. Fødselsoverskotet vert i dei 3 fyrste kvartal av 1934 11 032, mot 10 076 i 1933 og 12 543 i 1932.

I 1934 hev det ikkje vore store og vidfemnande arbeidskonfliktar. Mindre konfliktar hev det vore i ei rad med industriar og millom handels- og hotell- og restaurangfunksjonærar. Sume av deim hev vore heller langvarige.

Konflikten um skogsdrifti i Randsfjorddistriktet som hadde vara sidan 1930, var for boikottdomstolen i mars 1934. I samhøve med framlegg frå Riksmeklingsmannen til ordning av konfliktane, som partane vedtok i september, er alle arbeidskonfliktar og blokadar i Randsfjorddistriktet stogga no.

Løningane hev jamt over vore dei same gjennom 1934. For dei kommunale arbeidarane heldt dei fleste lønsavtalane fram ubrigda i 1934. I Oslo vart løningane for arbeidarane i 1934 minka med 2,5 pct., for funksjonæranne med 3 pct. Ogso i tarif-

fane i Tønsberg og Notodden vart det ein mindre reduksjon.

I fyrste halvåret 1933 heldt arbeidsløysa fram med å stiga, når ein ser burt frå den vanlege sesongarbeidsløysa. Frå sumaren 1933 stogga stigingi og sidan hausten 1933 hev arbeidsløysa etter arbeidsløysestatistikken åt faglagi med eit par undantak kvar månad lege lågare enn tali året fyre.

Uppgåvone over prosent ledige fagforeningsmedlemer i 10 fagforbund og serskilt for jarn- og metallarbeidarar og bygningsfag gjev i 1933 og 1934 dette biletet:

	10 fag.	Jarn- og metallarb.	Bygningsfag.
1933. Januar . . .	39,3	30,3	58,5
» April	35,7	28,5	51,0
» Juli	26,0	24,1	31,5
» Oktober . . .	31,3	31,3	42,3
1934. Januar . . .	40,6	33,9	60,2
» April	33,4	28,1	48,9
» Juli	24,7	26,1	27,4
» Oktober . . .	—	27,4	34,4

I januar låg totalprosenten i 1934 høgare enn i 1933, i april og juli lågare. Sameleis var det med arbeidsløyseprocentane for jarn- og metallarbeidarar og bygningsfag med undantak av juli månad for jarn og metall. Oktober ligg for baa desse fag i 1934 mykje under 1933.

Etter situasjonsrapportane frå Arbeidsløysinspektoratet åt Staten — av Det statistiske sentralbyrå umrekna til samanlikningstal bygde på oppgåvor frå 44 arbeidskontor — var overskotet av arbeidssøkjande menn og kvinner pr. 15 kvar månad:

	1933	1934
Januar	39 617	40 792
Februar	41 405	42 365
Mars	41 381	40 869
April	38 802	38 975
Mai	34 796	32 839
Juni	29 507	28 794
Juli	26 079	25 386
August	27 597	27 210
September	32 674	31 083
Oktober	34 682	34 292
November	38 893	38 556
Desember	41 663	

Med undantak av i månedene januar, februar og april ligg tali i 1934 lågare enn dei tilsvarande i 1933.

Vikerapportane frå arbeidskontoret i Oslo viser i dei siste månedene ein sterkare tendens til betring, serleg sterk i november og desember. I dei siste vikone hev arbeidsløysa i Oslo minka, medan ein på denne årstidi til vanleg elles hev stiging.

Prisnivået hev i Noreg som i dei fleste andre land — med undantak av gullvalutalandi — vist ein stigande tendens i 1934.

Engrosprisindeksen viser for 1934 eit medeltal på 124 mot 122 for dei tri åri fyre. Hovudtalet hev svinga millom 120 og 127 gjenom året og ligg i slutten av 1934 på 125 mot 122 i slutten av 1933.

Levekostnadene hev òg gått upp. Hovudtalet som i desember 1933 låg på 146, ligg for november 1934 på 149.

Helsetilstandet hev i 1934 jamt over vore godt. I september—oktober hev det likevel vore etter måten mange tilfelle av poliomyelitt i Østfold og Sør-Trøndelag. I månedene januar—oktober er det i alt meldt av denne sjukdomen 298 tilfelle, mot 197 i same tidbolken i 1933.

Difteri hev det òg vore mange fleire tilfelle av enn i 1933. I månedene januar—oktober er det meldt 1010 tilfelle mot 574 i same tidi i 1933. Difteri hev det serleg vore i Akershus, Vestfold og Bergen med umland.

Elles hev farangene, etter lækjarmeldingane, ikkje vore mykje utbreidde i 1934.

Den betring i dei økonomiske tilhøve som var merkande i siste helvti av 1933 hev halde fram i 1934. På dei fleste område syner det framgang.

Krona hev heile året vore halde fast andsynes pund på ein kurs av 19,90. Rekna i gull hev depresieringi halde fram. I november var gullverdet åt krona 55 pct. av pari-verdet, mot 60 pct. i januar. Tilgangen på valuta hev serleg i siste helvti av 1934 vore god, og både Noregs Bank og aktiebankane hev kunna auka medelen sin.

På kreditmarknaden hev rentesatsane

halde fram med å vera låge i 1934. Vekseldiskontoen åt Noregs Bank hev heile året vore 3½ pct., noko som etter tilhøvi hjå oss er ein svært låg sats. Den effektive renta for obligasjonar hev falle frametter året, og ho var for 4½ pct. obligasjonar i desember 4,48 mot 4,75 i januar. Som i 1933 hev dei låge rentesatsane vore kombinera med ein sterk nedgang i bankinnskoti. Innskoti i bankane hev gått ned frå 2 900 millionar i november 1933 til 2 760 millionar i november 1934.

Verdet av utanrikshandelen hev stige i 1934. Den samla umsetnaden hadde i dei fyrste 11 månedene av året eit verde på 1 194 millionar kronor mot 1 120 millionar kronor dei same månedene i 1933. Verdet av innførsla hev stige frå 612 millionar kronor i tidi januar—november 1933 til 671 millionar kronor i same tidi 1934. Utførsla hev stige frå 508 millionar kronor til 524 millionar kronor. Som fylgje av at innførsla hev stige mest, hev innførseloverskotet stige til 147 millionar kronor for dei 11 fyrste månedene av 1934 frå 104 millionar kronor for same tidi i 1933. Betalingsbalansen for året vil likevel syna overskot, um truleg noko mindre enn i 1933.

Uppgåvone over den norske handelsfloten viser framleides nedgang i 1934. Etter ei fyrebils utrekning frå sjøfartskontoret var den registrerte handelsfloten pr. 1 januar 1935 i alt 3 985 000 bruttotonn mot 4 065 000 bruttotonn pr. 1 januar 1934. Det var soleis ein nedgang i året på 80 000 bruttotonn eller 1,97 pct. av floten i fyrsten av året.

Alt i alt hadde floten i året ein avgang på 220 000 bruttotonn, som for det meste hev sin grunn i opphogging og sal til utlandet av eldre dampskip. Den samla tilgang i året var 141 000 bruttotonn, og det var for det meste nybygde motorskip.

Stoda for skipsferdsla hev vist nokor betring i 1934, i det ho hev havt godt av ei større verksemd. Auka etterspurnad etter tonnasje som hev gjort seg gjeldande, hev i sterk grad redusera den tonnasjen som hev lege i opplag, medan han likevel ikkje tykkjest ha ført til nemnande betring i

fraktene. Upplegget av skip hev gått ned frå 480 000 bruttotonn pr. 1 februar til 134 000 bruttotonn pr. 1 desember. Det er det minste upplegget ein hev havt sidan februar 1930.

Fraktene på verdsmarknaden hev jamt over vore noko høgare enn året fyre.

På grunn av at floten hev havt meir arbeid i 1934, vil dei innsigla bruttofraktene truleg verta noko større enn i 1933, då dei var 376,4 millionar kronor. Etter eit overslag er dei upptente bruttofraktene i 1934 rekna til umlag 400 millionar kronor.

Den auken i verksemd i industrien som ein merka i siste helvti av 1933, hev halde fram i 1934. Produksjonsmengdi vil difor verta ikkje so lite større i 1934 enn i 1933. Den månadlege produksjonsindeksen viser soleis for dei fyrste 11 månadene av 1933 ein jamnad på 98,6 mot 105,5 for same tidbolken i 1934. Det er berre i topp-åri 1929 og 1930 at produksjonsmengdi i industrien hev vore større enn i 1934. Stigingi går att i dei fleste industrigruppene. Størst hev ho vore for malm- og metallutvinningi, sellulose- og tekstilindustrien. I den elektrokjemiske industrien hev verksemd i 1934 ikkje vore fullt so stor som i 1933, og for hermetikkindustrien hev det vore stor nedgang.

Fiskerii hev havt eit medels godt år i 1934. Dei store fiskerii gav til dels ein mykje mindre fangstvinst enn året fyre, serleg svikta vintersildfisket. Prisane hev derimot jamt over vore noko betre, so det samla verdet vart umlag som for 1933, umlag 60 millionar kronor. Dei ymse innførsleband i mange land hev likevel lagt vanskar i vegen for avsetnaden.

Torskfisket hadde i 1934 ein fangstvinst på 40,2 millionar fisk mot 40,9 millionar i 1933.

Stor- og vårsildfisket var uvanleg klint i 1934. I alt vart det fiska upp 1,1 million hl. eller berre ein tredjepart av fangsten i 1933 på 3,2 million hl.

Feitsild- og småsildfisket var òg klenare enn året fyre. Fiskemengdi var 2,1 million hl. mot 2,8 million hl. i 1933.

Av dei andre fiskerii var sildefisket ved

Island noko betre enn året fyre, medan brislingfisket var sers klint i 1934.

For kvalfangsten i Sudishavet var det millom dei norske og utanlandske selskapi gjort ein produksjonsavtale um ei avgrensing av fangsten for sesongen 1933—34 òg. Olje-produksjonen vart umlag som i fyrre sesongen, umlag 1,1 million fat, men det var vanskar med avsetnaden. Stormengdi av produksjonen er likevel seld. Det samla verdet av fangsten i sesongen 1933—34 er fyrebils rekna til umlag 40 millionar kronor mot 48 millionar kronor for fyrre sesongen.

Posttrafikken viser ei mindre stiging. Det er gjort nye internasjonale postavtalar som tek til å gjelda 1 januar 1935.

Drifti åt Telegrafverket hev stort set vore som året fyre. Telegramtrafikken hev praktisk tala vore den same, medan rikstelefontrafikken syner nokor stiging. Talet på abonentar ved dei lokale telefonanleggi er auka noko.

Den innanrikske dampskipsferdsla med statstilskot hev stort set arbeidd under same vilkår som i 1933.

Turist- og reisetrafikken hev framleides synt god framgang.

Tilhøvi i jordbruket hev betra seg siste året. Året hev jamt over gjeve ein god vinst og avsetnaden hev vore lettare med lagleg prisutvikling.

Avlingsresultatet vart fullnøgjande, i det dei fleste vokstrane hev gjeve god avling. Potethausten vart likevel ikkje so lite skadd på grunn av sjukdom, og innhaustingi av kornet fall vanskeleg i sume luter av landet.

Frå 17 desember 1934 vart det innført ei avgift på 20 øyre pr. kg. produsera margarin, samstundes som smørinnblandingi vart sett ned til 5 pct.

Den løyvingi Stortinget gav i 1933 til lånefond for meieri er nytta heilt ut til utlån til naudlidande meieri.

Kraftforrasjonering vart sett i verk 1 juli 1934 og fraktutjamning ved sending av kraftfor 1 oktober 1934.

Med beinveges tilskot og lån av jorddyrkingsfondet er det nydyrka umlag

85 000 dekar og grøfta umlag 45 000 dekar fyrr dyrka jord, og det er gjeve tilskot til umlag 1200 uthus på nye bruk.

Av avlingi for 1933 vart det i kornåret 1933—34 i alt kjøpt inn umlag 55 000 tonn og levera umlag 53 000 tonn norskavla korn til staten, medan det i same kornåret i alt vart utbetala trygd for umlag 151 000 tonn korn med umlag kr. 5 400 000. Av avlingi for 1934 er i alt pr. 1 desember 1934 selt umlag 53 000 tonn norskavla korn til staten, medan det i tidi 1 juli—31 oktober 1934 er male ved bygdemylnone burtimot 50 000 tonn korn med rett til trygd.

Statens kornforretning hev i 1934 innført umlag 360 000 tonn (kornverde) korn og mjøl.

Helsetilstandet millom husdyri hev vore godt. Kampen mot den smittsame anemi og husdyrtuberkulosen hev vist gode resultat. Det er gjeve nye fyresegner um kampen mot den smittsame kalvekastingi.

Skogbruket arbeider framleides under vanskelege kår. Tidene hev likevel vore noko ljosare enn året fyre, då avsetnaden hev vore betre og prisane noko høgare. Frametter hausten hev prisane falle på sume eksportvaror att, og fylgja hev vore minka utførsle og flau marknad. Når ein tek undan ein stor stormskade i november og fyrsten av desember månad over sume strok av austlandet, hev skogen jamt over havt eit bra år.

Ved Noregs landbrukshøgskule vart det teke upp i alt 36 studerande i 1934. Det vart uteksaminera 9 hagebrukskandidatar, 25 landbrukskandidatar, 3 meierikandidatar og 23 skogbrukskandidatar.

Arbeidsdrifti ved dei jarnvegsanleggi og veg-, vassbyggnings- og reguleringsarbeidi som Stortinget hev løyvt pengar til, hev gått for seg i samsvar med planane og i det umfanget pengeløyvingane hev gjeve høve til.

Dei anlegg og elektriseringsarbeid som vart vedtekne i samband med løyvingi av ekstraordinære pengar til elektrisering av jarnvegar, er sette i verk med undantak av dobbeltsporanlegget Ljan—Ski og elektriseringi av forstadstogi Oslo—Ski, som ikkje

kann setjast i gang fyrr distriktstilskotet til dobbeltsporanlegget er ordna.

Det hev i 1934 òg vore sett i gang naudarbeid til å avhjelpa den arbeidsløysa som no rår. Slike arbeid hev det vore i dei fleste fylke i landet.

Inntektene av statsbane-drifti var i driftsåret kr. 67 291 089 mot budgettera kr. 69 553 300. Når ein ser burt frå rentor av kapitalen åt staten var utgiftene kr. 69 782 097 mot løyvt kr. 71 465 500.

Tollintradene og laste- og fyrvavgifti var for budgett-terminen 1933—34 sett til kr. 98 700 000 og kr. 3 200 000. Etter rekneskapen hev det gjenom tollintradene og laste- og fyrvavgifti i budgett-terminen 1933—34 (med frådrag for utbetala tollgodtgjersle i samhøve med tolltariffens § 13) kome inn kr. 105 709 118 og kr. 3 442 625.

Ved mynten på Kongsberg er i 1934 mynta ut for statskassa i alt kr. 40 000 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken hev i 1934 betala ut nye pantelån soleis:

Ved Hovudsetet . . .	pr. $\frac{31}{12}$	kr. 6 081 825
» Bergen lånekontor	» $\frac{30}{11}$	» 694 000
» Trondheim	» $\frac{30}{11}$	» 972 200
» Tromsø	» $\frac{30}{11}$	» 868 300
		<hr/>
		kr. 8 616 325

Av 5 pct. obligasjonsserien som vart utferda i 1932, stor kr. 25 000 000 er det i 1934 selt obligasjonar til pålydande sum kr. 10 842 000. Restupplaget av denne serien er no kr. 4 293 000. Den $4\frac{1}{2}$ pct. obligasjonsserien som vart utferda for året 1934, stor kr. 25 000 000 er avhenda heilt ut i 1934. Vidare er det ferda ut ein ny $4\frac{1}{2}$ pct. obligasjonsserie for 1935 med ein nominell sum som enno ikkje er fastsett. Obligasjonane vert dagsette 1 januar 1935 og vert renta frå same dag. Av denne serien var pr. 31 desember 1934 avhenda obligasjonar til pålydande sum kr. 7 721 000. Til innfriing pr. 1 januar 1934 var uppsagd 5 pct. serien 1915, til rest kr. 9 551 900 og 5 pct. serien 1917, til rest kr. 34 961 000 (av dei var kr. 28 918 000 bandlagt). For ein sum

på kr. 4 636 100 vart obligasjonar av desse seriane konvertera i serie 1934. Til innfriing pr. 1 januar 1935 vart uppsagd 5 pct. serien 1916, til rest kr. 28 756 000. Av desse er kr. 15 852 000 konvertera mot obligasjonar i serie 1934 og kr. 914 000 mot obligasjonar i serie 1935. I 1934 er banken sin 6 pct. serie av 1924, stor kr. 20 000 000, uppsagd til innfriing pr. 1 april 1935 og 6 pct. serien av 1925 stor kr. 20 000 000 uppsagd til innfriing pr. 1 juli 1935.

Statsgjeldi var, når ein reknar um dei utanlandske lån etter pari kurs pr. 30 juni 1933 kr. 1 496 025 052 og pr. 30 juni 1934 kr. 1 461 738 604, altso ei nedgang i budgetterminen 1933—34 på kr. 34 286 448. På dei faste utan- og innanlandske statslån er betalt kr. 33 999 085 og på den millombils gjeldi kr. 287 363. Samstundes er statskassemedelen (inneståande foliomedel i Noregs Bank, innskot i andre bankar og upplag av statsobligasjonar oppkjøpte til amortisering) gått ned med umlag 17,9 mill. kr. Der er konvertert 5 innanlandske statslån med samlet pålydande til rest ca. 148,1 mill. kr., nemlig lån av 1924 (6½ og 6 pct.), 1915 I og II, samt 1927 (5 pct.). Dei nye lån hev eit samla pålydande på 156 mill. kr., nemlig 4½ pct. 1934 I og II, som lyder på 63,5 og 44 mill. kr., og 4 pct. 1935, som lyder på 48,5 mill. kr. Kursane for dei 3 låni hev vore 94½, 97½ og 96 pct.

Statsrekneskapen for budgetterminen

1933—34 er oppgjord med eit rekneskaps-overskot på kr. 10 213 201. Tek ein um-syn til at summen av utgiftsløyvingar som er overført til rådvelde i neste termin (1934—35) hev stige med kr. 2 141 494, vert overskotet kr. 8 071 707. Statens nettokapital hev i 1933—34 gått upp med kr. 42 088 576.

I 1934 vart det halde våpenøvingar i samhøve med stortingsvedtaket 19 mars 1934.

Den nye herskipnaden som vart vedteken i 1933, hev ein byrja å gjennomføra frå 1 juli 1934.

Floten hev havt tokter og øvingar i samhøve med løyvingane.

Fartyi åt Torpedoavdelingi og Kavbåtdivisjonen hev i sumar vitja den skotske hamni Leith.

«Michael Sars» og leigde kvalbåtar saman med skøytor hev greidt med trålar-uppsynet i Nord-Noreg den fyrste del av året. I siste delen av året hev «Michael Sars» og leigde havfiskefarty saman med skøytor havt uppsynet.

I juli og august hev «Michael Sars» dessutan gjort hjelpeteneste for norske fiskarar under islandsfisket.

Alle andre tokter og øvingar var innanfor riksgrensone.

Det forliste oppsynsskipet «Fridtjof Nansen» er berga og ført til hovudstasjonen åt Floten.

Gjeve på Oslo slott 11 januar 1934.

Under Vår hand og riksseget

Haakon

(L. S.)

Joh. Ludw. Mowinckel

B. Rolsted